Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Jølster

Emne: Brynet. Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sverre Myklebust Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg G.nr. 16 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Lite grand

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire bønder her

SVAR

I Bryne (eit). Å kvetje ljåen ell. å bryne han. Kvesse saksa! Ein hein var hard naturstein dei brúka for finare reidskap t.d. å kvesse rakeknivenen ell. balber-kniven med. Snikkaren brúkar han til verktyet, no helst av Kunststein (i slöjdverktykassen frå 1910 i Veiteberg skule).

II. Elles var det steinbryne dei brúka, som ikkje finst her i bygdå. Far sa etter bestefar ein gong, dei slo i marka, om ein fin stein: Gøym denna steinen vere! Den dagen kan kome du får bruk for den." Steinbryna kalla dei vanleg Kongsbergsbryne. Dei var hard med raude tyter i. Dei måtte ofte rivarst mot steinar, når dei vart glatte. Dei var gode til tynsleljå –, å ta att eggja med etter steinhagg. Elles tala ein om Trondheimsbryne og Valdersbryne Havbryna var skrukklute og ujamne. So fekk ein tilslipte

2604

Ei sende frå Huus




Å sende ei oks.



Laga sværte




Slipestein på böen ell. ved eldhuset (Tún i Jølster)



Slipesteins-Krakk m. brye.

Slipesteins-Kall i elva.





NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fine bryne, som var heller nijuke
Dei fyrste smergelbryne kr. 1914 var
brune og heller möyre, gjekk lett av.
Frå 1920 vart dei nye smergelbryna
vanlege. Og no mest berre slike her.

III Slipesteinar tok dei til å få i
1860-70 åra. Sume hövletenner,
treskjerarjarn sliper ein ikkje, og aldri
rakeknivar og saksar. Elles sliper ein
fyrst og kvetjer vetik roa på dei
fleiste bitjarn.

IV Alle eldre folk minnest tynsle-
ljåne. Husbonden gjekk tidleg heim
om kvelden og tynte ljåne og herda
dei. So tok ein dei fram på ei
senje ell. sende; eit storebryne,
som låg på benken. „Bestefar
heime på Myklebostmöjen var flink
sme. Smia ligg or eg med alle
èr i beiteskiene etter ljåne, dei
krökte der." Dei dreiv med ljå-
smiing mellom vinnene (jonsok-tid)
Det var ikkje alle som dugde, like godt.
Og dei måtte leige andre.

Tynsleljå vanleg til 1870 åra
Horndalsljå var då kjende, men
var for småe her. Tinnljå var
betre. Og Samuel S. Veitteberg reiste
til Tinn og ville lære smede
Telemarksljå. Dei slo godt til.
Men gamle-smear heldt att: Dei
tykte at gamleljåne var betre
i steinen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 2604

Ljåna vart tynte soleis:
1. Oppiheta raude til herdsla gjekk av dei („ta av herdslu") 2. So kaldhamra dei ljåna og krökte dei i beiteskia 3. So nyheting (raude) for herdinga 4. Vart dei då for harde, drog ein dei gjennom varmen („lynte dei")

Sigden vart handsama som tynsleljå.

Slipeljåne var lettare enn hine, og når dei var gode, jamt betre enn hine.

V. Dei senja ljåane om kvelden etter tynninga. Øksar senja dei au. Til langorv bruka ein store brynne au.

Slipesteinen stod oppetter vedhuset, ell. eldhuset. Sume hadde stein på böen, attmed böalöa (på Myklebost) når det var langt til tuns. Elles var det vanleg med slipesteinskrakk gjernemed brye under til vatnet. No er det vanleg med slipestein i elva, åa ell. grova, når dei ikkje har elektrisk. Men i Bakken sliper dei på tunet og ein snur enno

V IX. För slipte ein lite. Kunne bruke ljåen 2-3 dagar imellom-ja, tynsleljåne slipte dei helst ikkje. No slær ein vanleg berre ei økt, (frukost-middag) for ein sliper att.

VII. I Leikanger Sogn bruka dei eikestikka, fortel Johs N. Helgheim (75 år)

2604

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

V.

Der hadde kvar mann sitt orv, og bytte ljåne etterkvart, og tok dei av når dei slipte. Her har dei ljåna på orvet, og sliper med egga imot ein. I Breim sliper ein med egga på veg. Langorv tek vi ofte av under slipinga. Før feste ein alltid ljåen med taeger ein kløyvde og skrapa godt med kniven mot broklåret Ell. ein kløyver bjørkebevister. No tek ein til kjøpe jarnklemmer å feste ljåen med. Hesjestreng vert mykje nytta endå han ikkje er god; vanskeleg å kile fast.

IX Vi bryner ljåen med orvet i beltet, ell. no helst mellom beina og svingar ljåen 3-4 gonger og kvetjer litt på kvar side. I granne-bygdene held ein ljåen still og bryner litt over og under. Langorven gjer vi samleis med, med stuper orvet i marka.

X Brynet ber ein i beltet, (lumma) eller kastar det bort på bakken. Brukar ikkje brynestokk ell. kolk, men kjenner til at sume stader har dei brynestokk med vatn i

XI-XII. Ikkje kjendt her.

XII. Dei fuktar no brynet med å stryke det gjenom dogga i graset ofta brukar ein kunststeinbryna turre. Men før (og mange enno) sputta ein på brynet.

2604
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei som mikkera, kunne bruke olje på brynet (1880 åra). Dei ha harde bryne i olje då.

Når dei hadde stade kvate lenge svinga ljåsorvet i hendene, sputta (i hendene) og sa: „Maksis!“ Det same når dei fiska, kasta makken uti og spytta: „Maksis!“ Eller: Tvi-tvi! Kjø bit godt!“

Septesolhedog skulle ein iklje slå, elles fekk dei gjerne slå ein annan dag att. (seinhaustes!)

Klokkar Fossen på Jostedal fortalde om ein jostedøl som reiste til Bergen eins ærend og kjøpte 2 bryne „De skal iklje fortelje meg at det iklje løner seg å reise til byen,“ sa han heimkomen — Han fekk dei 5 øre billegare der.

XIV. Sov, slipesteinsgor, kvatgor brukta dei til swarte. „Vi smågutane laut laze swarte.“ Ein tok og eit bryne ell. blåstein og kneka mot ei øks, bile eller jarnspade. Elles tok ein swarte av myrane, grøvene, om haustein inni kjellaren og hadde til farge skor og klær.

Gamle-Rasmus Veiteberg, hink tynsleljå med veldt på slike ljå: „Eg slo da so finnskjeggen stod på markene.“ Ja, sa hine: „Tenkje nok han stod!“ (att, meinte dei.

2604

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING